



Notat

Til: Osterøy kommune

Kopi til:

Saksbehandler: Plan/Jostein Klette

Vår referanse: 14/3495 - 486 / PlanID - 12532014007, Plannavn - Kommunedelplan for strandsona 2015 - 2025 - Osterøy kommune, Komnr - 1253, FA - L1, HistSak - 15/332, HistSak - 14/4052, HistSak - 14/685

Dato: 22.08.2018

Emne: Mindre endring av byggjegrense mot sjø - kommuneplanen sin arealDEL og kommunedelplan for sjø og strandsone

Framlegg til vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 11-17 vedtek Osterøy kommune mindre endring av føresegnehene i kommuneplanen sin arealDEL (datert 22.08.2018) og kommunedelplan for sjø og strandsone (datert 22.08.2018), §§ 4.2, 4.5, 4.7 og 6.15. Byggjegrensa i føremål Grøntstruktur, Park, Friområde og Friluftsområde i sjø og vassdrag er lagt til føremålgrensa».

BAKGRUNN

Kommunedelplan for sjø og strandsone vart vedtatt 21.02.2018 og mindre endring av kommuneplanen sin arealDEL vedtatt 21.02.2018 med mindre administrativ endring 12.07.2018.

Det vart her opna for at det i områder avsett til grøn struktur (friområder og park) og friluftsområder i sjø og vassdrag kunne etablerast ulike tiltak på vilkår om at tiltaka hadde som målsetting å leggja til rette for ålmenta sin bruk av områda.

Ved ein feil vart byggjegrensa i desse områda ikkje sett langs føremålgrensa i desse føremåla sjølv om det i føresegnehene vart opna for tiltak. Dette inneber at det ikkje er samsvar med intensjonen i planen og byggjegrensa i plankartet.

FØREMÅL

Føremålet med endringa er å setje byggjegrensa i føremålgrensa til konkrete områder avsett til grøntstruktur, park, friområder eller friluftsområder, slik at det er samsvar mellom føresegner og plankart.

Det er kun i føresegnehene det vert gjort ei mindre endring.

VURDERING AV PROSESSEN

Endringa vert gjennomført med heimel i plan- og bygningslova § 11-17 og er vurdert til å vera ei mindre endring av plan. Endringa endrar ikkje intensjonen eller hovudtrekka i planen og kan difor gjennomførast som ei mindre endring.

Endringa medfører ei endring av byggjegrense slik at denne vert lagt til føremålsgrensa mot sjø. Dette inneber at det vil vera mogleg å gjennomføre tiltaka som det er lagt til rette for i føresegnehene.

Dei ulike føremåla ligg i vedteken kommune- og kommunedelplan. Desse har vore ute på omfattande høyringar og det har ikkje kome inn merknadar frå offentlege styresmakter eller private når det gjeld friområda eller friluftsområda i planane. Lokalisering av friområda og friluftsområda, og føresegna knytt til dei, har soleis vore gjennom ein omfattande høyringsprosess utan at det har kome inn merknadar. Det er difor vurdert at denne endringa kan takast som ei mindre endring med ei avgrensa høyring til regionale styresmakter.

ENDRING I PLAN

Det vert gjort ei endring av føresegner i kommunedelplan for sjø og strandsone og kommuneplanen sin arealplan. Endringane er den same i begge planane slik at planane er i samsvar med kvarandre. Følgjande føresegner vert sett inn:

«Grønt struktur

4.2 *For dette føremålet er byggegrense lagt til føremålsgrensa (PBL §§ 1-5, 1-8).*

Park

4.5 *For dette føremålet er byggegrense lagt til føremålsgrensa (PBL §§ 1-5, 1-8).*

Friområde

4.7 *For dette føremålet er byggegrense lagt til føremålsgrensa (PBL §§ 1-5, 1-8).*

Friluftsområde i sjø og vassdrag

6.15 *For dette føremålet er byggegrense lagt til føremålsgrensa (PBL §§ 1-5, 1-8).»*

VERKNADAR

Endring av byggjegrense opnar for ulike tiltak ned til strandsona. Dette medfører at delar av strandsona vert tilrettelagd for auka ferdsel. Etablering av tiltak kan få verknad på kulturminner, landskap og naturmangfald. I konsekvensutgreiinga til kommunedelplan for sjø og strandsone er alle desse tema vurderte fordi intensjonen i planen var å opne opp for tiltrettelegging av tiltak ned til strandsona. Tiltak kan uansett ikkje setjast i gang før det er gjeve naudsint løyve etter plan- og bygningslova, og sjølv om byggegrensa er endra må tiltaka avklarast etter andre relevante regelverk og med samtykke frå andre rørte styresmakter.

For å ivareta dei ulike omsyna er det i kommuneplanen sin arealdel og nemnde kommunedelplan tatt inn føresegner som ivaretar dei ulike omsyna som kan verta råka av tilrettelegging av stiar, gangveg, gapahuk, stupebrett og andre tiltak som fell naturleg inn under dette føremålet.

Desse omsyna er difor tilstrekkeleg vurdert. Korreksjon av byggjegrønse mot sjø i desse konkrete områda vil difor ikkje få andre konsekvensar enn det som er utgreidd i tidlegare planprosess og som har vore gjennom ein omfattande planprosess.

KONKLUSJON

Mindre endring av kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan for sjø og strandsone vert sendt på ein avgrensa høyring til regionale styresmakter. Vedlagt ligg revidert utkast til endra føresegner.